

10.09.2016

## Keeperskule i Rosendal.



Den tidlegare landslagskeeperen Reidun Seth er ei av dei som står bak Bergen keeperskole

**Laurdag 17. og søndag 18.september kjem Bergen keeperskole til Rosendal med eit interessant tilbod til unge fotballspelarar som tenkjer på å satsa på keeperplassen på laget sitt. Laurdagen er det trening for dei yngste, 5-9 år, medan det om søndagen vert keeperskule for dei mellom 10 og 17 år.**

Bakgrunnen for at Bergen keeperskole vart starta i 2005, var at dei som står bak tiltaket, såg at keepertrening i klubbane generelt var därleg ivaretatt for aldersgruppa 10-17 år. Dei fleste keeperane i denne alderen var overlatne til seg sjølv – og kanskje ein ivrig hjelpetrenar/foreldre. Då dei starta tiltaket, valde dei å stå utanfor ein bestemt klubb slik at alle kunne gjera seg nytta av tilboden. Bergen keeperskole har tidlegare år hatt vellukka helgesamlingar i Rosendal.

Blant dei som står bak tiltaket er tidlegare landslagskeeper Reidun Seth. Ho har litt av ei merittliste. Ho har 71 landskamper og kan visa til VM-Gull i 1995, sølv i VM 1991. Europameister 1993, sølv 1991. Bronse i OL i 1996. Ho spela mange sesongar i Sverige og spela også for fleire Bergensklubbar m.a. Arna-Bjørnar der ho også var keepertrenar seinare. Ho har med seg dyktige instruktørar, og mange lovande målmenn har fått trening og tips gjennom Bergen Keeperskole. Stefan Hagerup i Sogndal, Øystein Øvretveit, Nest Sotra og tidlegare Brann, Jørgen Mohus, tidl. Brann og Nora Gjøen, Lillestrøm og landslaget for å nemna nokre.

Det er eit flott tilbod at vi kan få slike toppinstruktørar ut i distrikta. Dei har nok mange gode treningstips både til gutter og jenter. Påmelding kan gjerast til Bergen keeperskole, [info@bergenkeeperskole.no](mailto:info@bergenkeeperskole.no) eller Arvid Nes, [arv-ne@online.no](mailto:arv-ne@online.no), mobil 482 28 026. Medlemmer i Rosendal TL får reduserte prisar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland